



---

# Notat

---

Til: Kjetil Eikefet  
Kopi til:  
Saksbehandler: Rådmannen/Lin Tove Thomassen  
Vår referanse: 22/227 - 6 / FE-014, FE-013  
Dato: 03.03.2023

---

## Emne: Informasjonstiltak mot veljarane - Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

Vallova legg føringar for eit minimum av kva kommunen skal informere veljarane om. Dette er:

- Tid og stad for utlegging av manntal og framgangsmåte for å krevje feil retta (§2-6)
- Søknadsfrist for å kunna stemme heime (§8-3 sjette ledd)
- Tid og stad for førehandsstemmegjeving (valforskrift §24)
- Tid og stad for stemmegjeving på valting (§9-3 tredje ledd)

I tillegg er det viktig å informere om valordninga generelt.

Valdirektoratet har også eit informasjonsansvar og vil informere om innlevering av listeforslag, tidlegstemming frå 3. juli, oppstart av ordinær forhåndsstemming 10. august og reglar for stemmegjeving på valdagen, i tillegg til andre informasjonstiltak.

Modalen kommune sine informasjonskanalar er:

- Kommunen si nettside
- Facebookside
- Informasjonstavler på Bryggjeslottet og Flodmaal og oppslagstavle og institusjonar
- VaksdalPosten
- Skriv via heimetenesta.
- Eventuell sms varsel.

### Valkort

Innbyggjarar som er manntalsførte som busett i kommunen, vil få tilsendt eit valkort med informasjon om kva kommune ein er manntalsført i, og kor ein kan stemme på valdagen. Her kan kommunen i tillegg legge inn ein kort tekst med lokal informasjon. Også i år kjem valkortet digitalt. Veljarar som har reservert seg eller ikkje nyttar digital postkasse, vil få valkortet tilsendt på papir.

### Innbyggarspørsmål

Kundetorget skal kunna svare på henvendingar knytt til valkort, manntal, korleis ein stemmer, kvar ein kan stemme, ambulerande stemmegjeving m.m.

## Publiseringsplan under valgjenomføringa

Dato	Publisering	
01.02.	Innlevering av listeforslag	Kommunen si nettside, Facebook, Vaksdalposten
Innan 31.03	Frist for å levere listeforslag	Valdirektoratet
Etter 30.06	Manntal til offentlig ettersyn	Kommunen si nettside, Facebook, Vaksdalposten
Innan 03.07	Informasjon om tidlegstemming	Valdirektoratet
Innan 03.07	Kvar og korleis ein gjev ein tidlegstemme.	Lokalt på kommunen si nettside, Facebook, informasjonstavler
Innan 10. 08	Utsending av valkort	Valdirektoratet
Innan 10.08	Ordinær førehandsstemming	Valdirektoratet
Innan 10.08	Kvar og korleis ein gjev ein ordinær førehandsstemme	Lokalt på kommunen si nettside, Facebook, informasjonstavler, Vaksdalposten
Innan 11.09	Reglar for stemmegjeving	Valdirektoratet
Innan 1.9	Informasjon om heimestemming	Lokalt på kommunen si nettside, Facebook, informasjonstavler, Vaksdalposten, via heimetenesta
Innan 01.09	Informasjon om stemmegjeving på valdagen	Lokalt på kommunen si nettside, Facebook, informasjonstavler, Vaksdalposten, via heimetenesta
Innan 10. 08	Informasjon om ordinær forhåndstemmeperiode	Valdirektoratet
Innan 10.09	Informasjon om ambulerande stemmegjeving - frist	Informasjonsskriv til utdeling i heimetenesta og til oppslag, Kommunen si nettside, Facebook, Vaksdalposten
Innan 10.08	Tid og stad i Vaksdal	Kommunen si nettside, Facebook, Vaksdalposten, informasjonstavler
Innan 13.09	Reglar for stemmegjeving, oppmoding om å nytta stemmerett	Valdirektoratet
Innan 13.09	Informasjon om stemmegjeving på valting, tid og stad	Kommunen si nettside, Facebook, Vaksdalposten